
Saksnr: 2020/45300-3
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss

Saksgang

Utval	Utv. saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

Utlysing av driftskontrakt 4607 Sunnfjord Sør - fullmakt til å inngå kontrakt

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får løyve til å inngå kontrakt med Veidekke Industri AS i samsvar med deira tilbodspris på kr 383 801 487.
2. Kontrakten vil ha økonomiske konsekvensar for seinare år. Dette vil bli innarbeidd i dei årlege budsjetta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for samferdsle og mobilitet handsama sak Utllysing av driftskontrakt 4607 Sunnfjord Sør i møte 28.04.2020, og gjorde følgjande vedtak:

1. Driftskontrakt for Sunnfjord Sør vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.9.2021 til 31.8.2026, med mogeleg forlenging fram til 31.12.2029, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.
3. Fylkesdirektøren må komme tilbake med eiga sak dersom det blir aktuelt å endre opningstidspunkt på fv. 13 Gaularfjellet etter vinterstenging.

Driftskontrakt Sunnfjord Sør omfattar drifts- og vedlikeholdsoppgaver, på fylkesvegar og fylkesgang og sykkelvegar med tilhøyrande sideanlegg, sideområde, utstyr og installasjonar i Sunnfjord, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Sogndal, Gloppen, Stryn og Høyanger kommunar.

Kontrakten vart lyst ut med tilbudsfrist 29.1.2021. Det kome inn tre tilbod med slike tilbudsprisar:

1. Veidekke Industri AS: kr 383 801 487
2. Mesta AS: kr 412 959 366
3. Presis Vegdrift AS: kr 418 531 258

Veidekke Industri AS hadde lægste pris på kr 383 801 487. Pris gjeld for heile kontrakten på 5 år, dvs. kr 76 760 297 pr. år.

Alle formelle sider ved tilboda er kontrollerte. Det er ikkje funne grunnlag for å avvise tilboda og vi tilrår difor at tildeling av kontrakt går til Veidekke Industri AS.

Årsaka til at saka vert lagt fram no er at beløpet er større enn det fylkesdirektøren har mynde til å inngå kontrakt på.

Vedtakskompetanse

I følgje Reglement for folkevalde organ og delegering, av oktober 2020, under reglement for delegering til fylkesrådmannen pkt. 3 står det som følgjer under driftskontraktar:

«Lyse ut og inngå fleirårige driftskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkesutvalet til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.»

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen ønskjer å inngå kontrakt som planlagt med tilbydar Veidekke Industri AS med ein kontraktspris som overskrider 250 mill.kr som er grensa for kontraktsinngåing som er delegert til fylkesrådmannen.

Før dette kan gjennomførast treng fylkesrådmannen ei særskilt godkjenning av fylkesutvalet.

Økonomi:

Då saka var oppe til handsaming i hovudutval for samferdsel og mobilitet 28. april 2020 stod det som følgjer under økonomi:

«På grunn av at kontraktsområdet vert større, og at det vil verte endingar over fleire år før den er fullstendig, kan vi ikkje samanlikne med tidlegare kontraktspris. Vi reknar ut i frå at kontraktspris pr km veg ikkje vert dyrare enn i eksisterande kontrakt, heller tvert imot. Innføring av feiing (reinhald av vegbana) med faste intervall i form av område med vekesfeiing/månadsfeiing/årleg feiing, vil medføre noko høgare kostnad. Kvaliteten på vegnettet blir betre og ressursbruken på våre folk vil gå noko ned då det er tydlegare for entreprenøren kva krav vi set. Fram til 2015 var det krav om faste intervall, og erfaringa dei siste 5 åra utan slikt krav er at kvaliteten på feiinga har gått ned.»

Vi ser no at kontrakten vert dyrare enn det vi hadde rekna med. Nye miljøkrav gjer at mykje av maskinparken må fornyast, noko som utgjer ein betydeleg auke i kostnadene. Det kom og nye retningsliner for rekkverk som ikkje var med i våre utrekningar. Den generelle beredskapen er dyrare enn vi føresette. Vinterkostnadene har og gått opp fordi vi har blitt enno tydlegare på krava våre og lagt opp til meir kontrollar enn tidlegare. Det var og i byggherreoverslaget føresett ein lægre vinterdriftsklasse i eit område enn det faktisk er i dag. Vi ser og at intervallfeiing er dyrare enn vi føresette, då vi ikkje hadde erfaringstal knytt til dette.

Det er utfordrande å samanlikne tilbodssum med eksisterande kontrakt då kontrakt har ulikt omfang frå år til år dei første tre åra. Det ser ut som at Sunnfjord Sør vil bli over 100 mill.kr dyrare over 5 år enn eksisterande kontraktar. Det vil bli vurdert seinare korleis dei økonomiske konsekvensane skal dekkast pr. år. Dei økonomiske konsekvensane for 2021 vil bli små, fordi kontrakten vil starte å gjelde frå 1. september i år.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ber om løyve til å inngå kontrakt med Veidekke Industri AS i samsvar med deira tilbodspris på kr 383 801 487. 1. Kontrakten vil ha økonomiske konsekvensar for seinare år. Dette vil bli innarbeidd i dei årlege budsjetta.